

Bestillingsfrist for gensaren: 1. februar

15.01.2008



Stavemåten skal rettast opp når trykkinga på gensarane startar, lovar Haldis Åkra.

Haldis Åkra minnar om at bestillingsfristen for den flaskegrøne gensaren til Uskedal Idrettslag er 1. februar. Ein vil finna ei prøve på Spar-butikken.

uskedalen.no har i denne samanhengen fått reaksjonar både på prøva og på teikningane vi gjev att. Det gjeld stavemåten Uskedalen IL. Haldis Åkra preiserer at Uskedal IL er det rette og ho lovar å retta det opp når prosessen kjem så langt at det skal trykkast på gensaren.

Han vil truleg bli levert i slutten av februar.

Gensaren er av college-typen og blir å få i storleikar frå seks år til XL.

Prisen for dei små gensarane er 150 kroner medan han er 200 kroner for dei store.